

Åpning av det 139. Storting

President: Kirsti Kolle Grøndahl

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg mandag den 3. oktober klokken 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 139. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

Regjeringens mål er et tryggere og mer rettferdig samfunn med arbeid for alle og økt livskvalitet for det enkelte menneske, og sikkerhet for Norge som nasjon. Stø politisk kurs skal styrke grunnlaget for økt verdiskaping og sysselsetting, styrket velferd, bærekraftig utvikling og en rettferdig fordeling.

For lettere å nå disse mål, nasjonalt og internasjonalt, går Regjeringen inn for at Norge blir med i Den europeiske union. Den økende gjensidige avhengigheten mellom landene og behovet for videre utbygging av folkestyret, betyr at nasjonalstaten må suppleres med styringsredskaper som utformes i samarbeid med andre land. Derfor krever dagens og framtidens utfordringer at Norge fører videre og utvider det forpliktende samarbeid med våre europeiske naboland, i samsvar med de muligheter som nå åpner seg i Europa.

Med Danmark, Finland, Sverige og Norge som medlem av Den europeiske union, kan det nordiske samarbeidet føres videre innenfor en videre europeisk ramme, og Norden får nye muligheter til å påvirke Europas framtid.

Regjeringen mener at medlemskapsavtalen mellom Norge og Den europeiske union ivaretar norske interesser på en god måte. En sterk og stabil nasjonal økonomi er en forutsetning for sysselsetting og velferd. Det må skapes vilkår for at vi kan bevare vårt felles miljø og sikre freden. Framtiden vil bli tryggere for det norske folk om Norge er med å forme den videre politiske og økonomiske utviklingen i Europa.

Det er det norske folk som i en folkeavstemning skal ta stilling til spørsmålet om medlemskap i Den europeiske union. Regjeringen vil respektere folkets råd.

Regjeringen vil føre en aktiv utenrikspolitikk og fortsatt bidra til fredsskapende arbeid

og samarbeid i det internasjonale samfunn, gjennom FN og andre internasjonale fora.

NATO, og samarbeidet med våre allierte, vil fortsatt stå sentralt i vår sikkerhetspolitikk. Regjeringen vil aktivt bidra i alliansens arbeid for å styrke det brede sikkerhetspolitiske samarbeid i Europa. Initiativet for Partnertskap for Fred gir en ny og utvidet ramme for samarbeid med landene i Sentral- og Øst-Europa.

Regjeringen vil delta aktivt i arbeidet for økt integrasjon på tvers av det gamle øst/vest-skillet i Europa. Handlingsprogrammet for Sentral- og Øst-Europa samt Russland, så vel som Barentssamarbeidet, vil bli videreført, slik at støtten til å fremme demokrati, bedre miljø, økonomisk og sosial utvikling i disse landene kan fortsette.

Regjeringen vil arbeide for å styrke Konferansen om Sikkerhet og Samarbeid i Europa. Regjeringen vil, i FN og ved nedrustningskonferansen i Genève, legge vekt på aktiv norsk deltagelse i arbeidet for nedrustning og ikke sprengning av atomvåpen.

Områdingen av Forsvaret fortsetter etter planen, og vil over tid sikre våre militære styrker en moderne struktur.

Utviklingshjelp og humanitær bistand vil bli holdt på et høyt nivå for å bidra til økonomisk vekst og sosial framgang i utviklingslandene, forsvarlig ressursforvaltning og fremme av menneskerettighetene. Arbeidet med å effektivisere utviklingshjelpen vil fortsette.

Den økonomiske politikken skal sikre trygghet og velferd. Finanspolitikken må tilpasses oppgangen i økonomien. Reduksjonen i underskuddet på statsbudsjettet fortsetter. Utgiftsveksten på statsbudsjettet vil være klart lavere enn veksten i samlet verdiskaping i fastlands-Norge.

Et nært og forpliktende samarbeid med partene i arbeidslivet vil fortsatt stå sentralt i arbeidet med en varig forbedring av sysselsettingen og en rettferdig fordeling.

Det er nå en klar bedring på arbeidsmarkedet. Arbeidsmarkedspolitikken vil legge større vekt på formidling av arbeidskraft til ledige stillinger. Tiltak vil særlig rettes mot unge, langtidsledige og personer som står i fare for å bli utstøtt fra arbeidsmarkedet.

Regjeringen vil, i samarbeid med de ansatte organisasjoner, føre videre arbeidet med å utvikle en sterk, omstillingssyktig og effektiv offentlig sektor. Hensynet til verdiskapingen, sysselsettingen og brukernes behov vil være retningsgivende for Regjeringens arbeid.

Det gjennomføres en vurdering av delingsmodellen og enkelte andre deler av skattereforformen 1992. Resultatene vil bli forelagt Stortinget i høst.

Regjeringen vil fortsatt legge til rette for en lønnsom aktivitet på norsk kontinentsokkel, innenfor de rammer hensynet til sikkerhet og god forvaltning av naturressursene setter. Eksport av norsk gass vil få økende betydning, og kan bidra til å redusere de globale miljøførelsningene. Regjeringen vil også vurdere økt innenlands bruk av gass.

Næringsmiddelindustrien er inne i et omfattende omstillingssarbeid som følge av endrede rammebetingelser. Regjeringen vil fortsatt bidra slik at denne industrien styrker sin konkurransekraft.

Regjeringen går inn for at Norge slutter seg til en avtale om avvikling av støtten til skipsbyggingsindustrien i OECD-området og i Republikken Korea.

Regjeringen vil fremme forslag til omlegging av beskatningen av kraftselskap.

Den internasjonale oppmerksomhet om Norge etter et vellykket OL-arrangement vil bli utnyttet gjennom aktiv markedsføring av norsk kultur og næringsliv i utlandet.

Regjeringen vil arbeide aktivt for å sikre bærekraftig forvaltning av havressursene. De restriktive reguleringene av fiskebestandene har gitt positiv vekst i utbyttet fra disse. For å sikre et stabilt høyere kvotegrunnlag prioriteres kontroll, både av norske og utenlandske fartøyers fiske i norske farvann.

Regjeringen vil skape konkurransevilkår og rammebetingelser som bidrar til å etablere nye produksjons- og eksportmuligheter og gir kystsamfunnet, fiskeindustrien og havbruksnæringen muligheter for fortsatt vekst og bærekraftig utvikling.

Landbruket skal fortsatt spille en viktig rolle for bosetting og sysselsetting i distrikturene. Omstillingen mot et mer robust og miljøvennlig landbruk vil bli videreført. En reduksjon i kostnadsnivået er nødvendig for at jordbruket skal kunne møte nye utfordringer.

Gjennom støtte til næringsrettet forskning og utvikling vil Regjeringen bidra til nyskapning og omstilling i næringslivet. Regjeringen vil videreføre en mer helhetlig forskningspolitikk med mer effektiv utnyttelse av ressursene. Det internasjonale forskningssamarbeidet vil bli styrket, og det vil bli lagt vekt på bedre kvalitetssikring og effektiv kunnskapsformidling.

Regjeringen vil videreføre og forsterke kampen mot vold for å skape et tryggere samfunn. Et bredt internasjonalt samarbeid er nødvendig for å komme den internasjonale organiserte kriminaliteten til livs. Medlemskap i EU vil bety at Norge får delta i det sterke mellomstatlige politisamarbeidet som nå utvikles i Vest-Europa. Arbeidet med å bekjempe økonomisk kriminalitet, svart

arbeid og skatte- og avgiftsunndragelser gis fortsatt høy prioritet.

Regjeringen vil gjennom en rekke tiltak fortsatt arbeide aktivt for å bedre og korte ned saksgangen i straffesakskjeden, samtidig som rettssikkerheten ivaretas. Straffeprosessreformen om toinstansbehandling skal iverksettes fra 1. august 1995.

Regjeringen vil fortsette arbeidet med å bedre likestillingen mellom menn og kvinner.

Den høye takten i barnehageutbyggingen skal føres videre, parallelt med utviklingsarbeid for å tilpasse barnehagetilbudet til overgangen til skolestart for 6-åringer og innføring av en tiårig grunnskole.

Det blir foretatt en bred gjennomgang av barneloven for å vurdere om loven i tilstrekkelig grad tar hensyn til dagens samlivsmønster.

Regjeringen vil prioritere et høyt årlig oppslag av nye studenter til universitetene og høgskolene, og bedre virkemidlene for å fremme gjennomføring av studier på normert tid. Stipendandelen i studiefinansieringen skal trappest opp.

Voksne skal gis bedre muligheter til å møte nye kompetansekrav gjennom fortsatt satsing på grunntutdanning for voksne og en systematisk etter- og videreutdanning.

Regjeringen vil videreføre den samlede distriktpolitiske innsatsen på et høyt nivå. Å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønstret er viktig for å kunne utnytte ressursene i alle deler av landet.

Regjeringen vil videreføre sitt arbeid i samepolitikken, i nært samarbeid med Sametinget.

Regjeringen vil videreføre en kulturpolitikk basert på kvalitet, økt deltagelse og en målrettet innsats for den estetiske utformingen av vårt miljø. Det vil bli lagt spesiell vekt på kulturtilbud for barn og unge.

Mediepolitikken skal sikre et variert og allsidig mediemønster.

Gjennom fornyelse av den kirkelige lovgivning ønsker Regjeringen å legge til rette for en fortsatt levende og funksjonsdyktig folkekirke.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding med handlingsplaner mot utslipp av klimagasser og nitrogenoksid.

Regjeringen vil legge fram en nasjonal handlingsplan for bevaring og bærekraftig bruk av det biologiske mangfoldet. Regjeringen vil aktivt medvirke til gjennomføringen av Det europeiske naturvernåret 1995, og legger hovedvekten på bevaring av biologisk mangfold og styrking av allemannsretten.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om barskogvernnet.

Det vil fortsatt bli lagt stor vekt på arbeidet

med økt gjenvinning og reduksjon av avfallsmengden i samfunnet.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om miljøvern på Svalbard.

Regjeringen vil føre videre en helhetlig og miljøvennlig samferdselspolitikk som tar utgangspunkt i de ulike transportformenes fortrinn og holde utbyggingen av framtidsrettede transport- og kommunikasjonsløsninger på et fortsatt høyt nivå. Effektive og rimelige kommunikasjoner medvirker til å gi næringslivet nødvendig konkurranseevne og sikrer arbeidsplasser og lokalsamfunn.

Jernbane og annen kollektivtransport har høy prioritet, og det blir lagt stor vekt på trafikksikkerhet.

Regjeringen vil videreføre en luftfartspolitikk som gir et godt flytilbud i hele landet.

Et telekommunikasjonstilbud av god kvalitet med like vilkår i alle deler av landet, skal opprettholdes og videreutvikles.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om velferdspolitikken. Det sentrale siktemål vil være å sikre vår sosiale velferd, også for de kommende generasjoner, og tilpasse ordningene til dagens og framtidens sosiale og økonomiske utfordringer.

Kommunesektoren skal ha en inntektsutvikling som legger til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan øke sitt bidrag til den nasjonale velferdspolitikken og styrke nærmiljøene.

Regjeringen vil tilføre helsetjenesten flere ressurser i årene som kommer slik at flere kan få behandling. Arbeidet for samordning og samarbeid mellom de ulike ledd i helsetjenesten vil bli intensivert, gjennom sterke statlig styring. Pasientrettighetene vil bli styrket.

Regjeringen vil bygge eldrepolitikken på aktivitet, medansvar og omsorg.

For å sikre alle et godt og likeverdig tilbud vil Regjeringen fortsette arbeidet med å forbedre forholdene for de funksjonshemmede.

I samråd med FNs Høykommissær for flyktninger vil Regjeringen arbeide for at hjelp til flyktninger skal nå flest mulig av dem som trenger det mest.

Regjeringen vil arbeide aktivt for å bidra til å løse internasjonale flyktningproblemer. Det vil også bli lagt til rette for at flyktninger i Norge skal kunne vende tilbake til hjemlandet når det er trygt. Flyktningene som får beskyttelse her i landet skal så raskt som mulig bo settes i kommunene.

Arbeidet for likestilling mellom nordmenn og innvandrere, og innsats mot rasisme og diskriminering, vil fortsatt stå sentralt.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 139. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Hill-Marta Solberg.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har også det siste året teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å fremje fred, stabilitet og tryggleik.

Regjeringa har prioritert arbeidet med å trekke reformlanda i Aust- og Sentral-Europa nærmere inn i forpliktande samarbeid med dei vestlege demokratia. På det regionale planet og i høve til Russland har samarbeidet i Barentsregionen vore viktig.

Samarbeidet i Atlanterhavssalliansen har lagt vekt på å videreføre tilpassinga til dei endra tryggingspolitiske rammevilkåra i Europa og støtta til reformprosessen i dei sentral- og austeuropaiske landa. Samstundes har det vorte lagt vekt på at alliansen også må oppfylle sine kjernefunksjonar.

I tillegg til samarbeidet i alliansen har Noreg hatt eit godt bilateralt samarbeid med fleire land. USA spelar framleis den viktigaste rolla i norsk forsvarsplanlegging blant våre allierte når det gjeld militære forsterkingar.

Det tosidige samarbeidet med våre allierte har vore nært og godt. Sterke transatlantiske band med USA og Canada har spela ei stor rolle. Samarbeidet med dei sentral- og austeuropaiske landa har fått eit konkret innhald.

Samarbeidet med land i Sentral- og Aust-Europa er under utvikling, og innhaldet blir stadig meir omfattande, spesielt innanfor ramma av Partnarskap for fred. Noreg har teke aktivt del i dette samarbeidet.

NATO har gjeve støtte tilfredsbevarande aksjonar som FN og Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE) har stått for, også utanfor grensene til medlemslanda. Noreg har også bidraget sitt til FN, og var i året som gjekk, ein leiande bidragsytar til mange av dei fredsbevarande operasjonane som FN organiserer. Dei største styrkane frå Noreg har vore utplasserte i Libanon og Bosnia-Hercegovina. Også norsk politi har vore sendt til fleire land.

Omforminga av den militære strukturen i NATO er ført vidare. Dei største endringane for Noreg var nedlegging av Nordkommandoen på Kolsås, opprettning av den nye overordna kommandoen i Storbritannia og opprettning av underkommandoen for Noreg på Jåttå.

Den assosierde statusen som Noreg har i Vestunionen (VEU), har gjeve høve til å ta del i utviklinga av organisasjonen som den europeiske pilaren innanfor NATO, og i utbyg-

ginga av samarbeidet med dei sentraleuropeiske og baltiske landa.

Avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) tok til å gjelde 1. januar 1994. I mars vedtok EØS-komiteen ei tilleggsavtale, som er ratifisert av Noreg.

Regjeringa har lagt fram ei melding om medlemskap i den europeiske unionen (EU), der det blir gjort greie for tingingane. Noreg har fått gode løysingar på alle sentrale område. Avtala slår fast at vi sjølv skal rå over energiressursane, og ho sikrar norske fiskerirettar. Ho gjev vidare høve til aktiv jordbruksdrift i alle delar av landet. Det sikrar grunnlaget for budsjettering, sysselsetting og gode veksttilhøve i heile landet. Noreg kan også halde ved lag nivået for miljøvern. Vi kan like eins halde fram med å utvikle den politikken som har vore ført overfor samane.

Forhandlingane om EU-medlemskap vart avslutta i mars 1994. Det teknisk-rettslege arbeidet med avtala vart sluttført i april. Avtala vart underskriven på Korfu i juni. Noreg har sidan hatt status som observatør i arbeidsgrupper og komitear som er knytte til Rådet og Kommisjonen i EU.

Under det norske formannskapet i Barentsrådet er det halde ministermøte og drege opp politiske retningslinjer for sentrale samarbeidsområde. Regjeringa har vedteke å støtte at det blir sett i verk eit Barentsprogram.

Eit handlingsprogram for berekraftig miljøvernsamarbeid i Barentsregionen vart vedteke på det første miljøvernministermøtet i Barentsrådet i Bodø i juni.

Som ein del av det norsk-russiske miljøvernsamarbeidet er det gjennomført felles tokt til dumpestader for radioaktivt avfall i Karahavet. Det er også sett i gang eit felles norsk-russisk prosjekt som skal vurdere faren for radioaktiv ureining frå atomanlegga og deponia i Tsjelabinsk.

Regjeringa har arbeidd aktivt for å setje i verk den tosidige arbeidsprotokollen med Russland. Samtidig har Regjeringa prøvd å veve det tosidige samarbeidet inn i regionale, europeiske og breiare internasjonale samarbeidsordningar. Forhandlingane om avgrensingane i Barentshavet har halde fram.

Regjeringa har støtta aktivt opp under arbeidet for å skape varig fred i det tidlegare Jugoslavia gjennom Den internasjonale konferansen for det tidlegare Jugoslavia og den såkalla kontaktgruppa. Noregs store innsats på det humanitære området er ført vidare og den norske deltagkinga i UNPROFOR er utvida.

Regjeringa har arbeidd aktivt for å styrke KSSE, særleg når det gjeld å førebyggje kon-

fliktar.

Regjeringa har lagt vekt på å delta aktivt i arbeidet i FN og ved Nedrustningskonferansen i Genève for nedrustning og ikke-spreiing av masseøydeleggingsvåpen. Vi har særleg engasjert oss i spørsmålet om totalforbod mot kjemiske våpen og uavgrensa og vilkårlaus forlenging av ikkjespreiingsavtala. Vidare har Noreg prioritert arbeidet med totalforbod mot alle typar prøvesprengingar. Noreg har også arbeidd for å få i gang forhandlingar om eit avtalefesta forbod mot produksjon av spaltbart materiale til våpenformål.

Noreg har ført vidare eit aktivt engasjement for å styrke menneskerettane. Det er særleg lagt vekt på situasjonen for sårbare grupper. Arbeidet for å verne ytringsfridommen og tiltak for å styrke rettsstaten og demokratiske institusjonar har òg stått sentralt.

Kontakten og samarbeidet med Japan, Kina og andre land i Asia, Midtausten, Afrika og Latin-Amerika er bygde vidare ut.

Noreg har også i år spela ei aktiv rolle i fredsprosessen i Midtausten. Etter at prinsippfråsegnna mellom Israel og PLO vart underskriven i september 1993, har Noreg leidd arbeidet med internasjonal hjelpe til det palestinske folket gjennom formannskapet i den internasjonale samordningskomiteen. Noreg har også teke aktivt del i dei multilaterale arbeidsgruppene. Å få oppretta ein palestinsk politistyrke i Gaza og Jeriko har vore ein viktig del av den norske innsatsen, og Noreg har arrangert to store gjevarkonferansar. Etter Hebron-massakren i februar 1994 vart det skipa eit mellombels observatørkorps (TIPH) for at folk skulle kjenne seg tryggare. Noreg hadde leiinga i TIPH, og har teke del med ein personellkontingent.

Noreg har sidan Oslo-avtala i 1990 vore ein pådriver i fredsprosessen i Guatemala. I mars vart det underskrive ei avtale om menneskerettar, og det vart samstundes oppnådd semje om ein timeplan for forhandlingar om utesståande tema. I juni var Noreg vertskap for forhandlingar som førte til underskriving av viktige avtaler om tilbakeflytting av flyktningar og om å opprette ein sanningskommisjon.

Regjeringa har lagt stor vekt på å støtte den positive utviklinga i Sør-Afrika. I samband med regjeringsskiftet er hjelpa lagd om.

I Antarktis har Regjeringa halde fast ved dei norske suverenitetskrava og ført vidare den aktive deltagkinga i samarbeidet under Antarktistraktaten.

Innanfor Rovaniemi-samarbeidet om miljøvern i Arktis har det også siste året vore framgang. Regjeringa har ført vidare Svalbard-politikken.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet FN-kommisjonen for berekraftig utvikling. M.a. har Noreg i samarbeid med FN halde to symposium i Oslo. Den andre sesjonen i kommisjonen i New York i mai var ei viktig oppfølging av Agenda 21 frå Rio-konferansen. Regjeringa presenterte rapporten frå Oslo-symposiet, og gjorde framlegg om ein oppfølgingsstrategi. Framlegget vart vedteke, og Noreg har invitert til eit oppfølgingsmøte om berekraftig forbruk.

FN-konvensjonen om biologisk mangfald tok til å gjelde ved årsskiftet, og var i juli ratifisert av 68 land, mellom dei Noreg. Konvensjonen har vern og berekraftig bruk av alt det biologiske mangfaldet som overordna mål, og han forpliktar partane til å lage nasjonale strategiar. I Noreg er Regjeringa i gang med å utarbeide ein nasjonal handlingsplan.

Regjeringa har lagt fram ei melding om atomverksemd og kjemiske våpen i dei nordlege nærområda våre.

Regjeringa har prøvd å styrke det internasjonale samarbeidet om berekraftig forvaltning av havressursane og arbeidd aktivt, m.a. i Den internasjonale kvalfangstkommisjonen, for å skape større forståing for norsk ressursforvaltning og tradisjonell fangst av vågekval i samsvar med vitskaplege tilrådingar.

Arbeidet for eit globalt energipolitisk samspel er ført vidare. Noreg har teke del i internasjonalt samarbeid, m.a. innanfor Det europeiske energicharteret og Det internasjonale energibyrået (IEA), og gjennom tosidige kontaktar med andre petroleumseksporthanande land.

Noreg har det siste året hatt formannskapet i det europeiske teknologisamarbeidet EUREKA. 110 norske verksemder og 30 forskingsinstitusjonar tek del i om lag 100 EUREKA-prosjekt. Dette har ført Noreg heilt i fremste rekke.

Gjennom EFTA-samarbeidet har Noreg spela ei aktiv rolle med å byggje opp eit all-europeisk frihandelssystem som også omfattar dei aust- og sentraleuropeiske landa. Den praktiske gjennomføringa av frihandels- og samarbeidsavtalene i EFTA og dei tosidige handelsavtalene med Baltikum har stått sentralt. Det er òg forhandla fram ei avtale med Færøyane. Fisk og fiskeprodukt inngår i desse avtalene.

Frihandelsavtala mellom medlemslanda i EFTA og Bulgaria har teke til å gjelde. Frihandelsavtala mellom EFTA og Polen gjeld mellombels.

Den norske innsatsen for aktivt å støtte opp om arbeidet med å utvikle effektive, marknadsorienterte økonomiar, baserte på ei berekraftig utvikling, i landa i Sentral- og Aust-

Europa er ført vidare. Det har m.a. skjedd gjennom Handlingsprogrammet for Aust-Europa. For 1994 er det sett av 249 mill kroner til samarbeidstiltak. I tillegg har Noreg teke del i det internasjonale samarbeidet innanfor m.a. G-24, OECD, Verdsbanken, Europabanken (EBRD), Den økonomiske FN-kommisjonen for Europa (ECE), Den Nordiske Investeringsbanken, Nordisk Råd og EFTA.

For å fremje auka samhandel og oppnå gode rammevilkår for norsk næringsliv i dei austeuropeiske landa, er det gjennomført økonomiske konsultasjoner med Ungarn og Den tsjekkiske republikken. Vidare er det halde møte i dei blanda komiteane under frihandelsavtalene med Estland, Latvia og Litauen.

Noreg har skrive under ei vegtransportavtale med Latvia og parafert ei vegtransportavtale med Kroatia. Lufttransportavtaler er paraferte med Uzbekistan, Mongolia, Kviterussland, Ukraina og Macao. Det er forhandla fram ei investeringsvernavtale med Russland og ei tollsamarbeidsavtale med Polen. Det er underskrive avtaler med dei baltiske statane for å unngå dobbel skattlegging og ei tollsamarbeidsavtale med Estland.

I EBRD har Noreg saman med Finland og Sverige skrive under ei avtale med sikte på å skipe eit regionalt risikokapitalfond for den russiske delen av Barentsregionen.

GIEK er omorganisert frå forvalningsorgan til forvalningsverksemd. Etterspørelsen etter garantiar har vore aukande på grunn av dei nye rammevilkåra.

Som eitt av tiltaka i den næringspolitiske strategien til Regjeringa er det utarbeidd ein strategiplan for Asia og gjennomført tiltak for å styrke våre økonomiske kontaktar med dei asiatiske landa.

Som eit ledd i tilpassinga til EØS er eksportavgifta avvikla. Avgifta har vore den viktigaste finansieringskjelda for drifta av Noregs eksportråd. Det er sett i gang eit arbeid for greie ut organiseringa og ny, permanent finansiering av rådet.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale eksportkontrollsamarbeidet for å hindre spreiling av masseøydeleggingsvåpen og rakettar. Noreg er valt til formann for drøftingane om retningslinjene for det nye multilaterale eksportkontrollforumet som skal etterfølge COCOM.

Intensivert kontroll med norske og utanlandske skip i norske hamner er ført vidare.

Det er løyvd 340 mill kroner til å refundere innbetalte skattar for sjøfolk om bord på norskregistrerte skip i konkurranseutsett fart. Tiltaket skal redusere kostnadene som reiarlaga har ved å hyre sjøfolk frå Noreg, og på den måten auke sysselsetjinga. Skipsfartsnæ-

ringa har komme med tiltak av tilsvarande storleik.

Etter sju års forhandlingar innanfor GATT lykkast det deltagarane i Uruguay-runden å nå fram til semje i desember 1993. Avtaleresultatet inneber m.a. eit styrkt og utvida regelverk og at det blir oppretta ein ny verdshandelsorganisasjon. Den nye organisasjonen (WTO) inneber ei styrking og utviding av regelverket for internasjonal handel, m.a. for tenestehandel og immaterielle rettar. Organisasjonen vil spele ei sentral rolle i utviklinga vidare av dei globale handelsrelasjonane.

I juli i år vart tingingane mellom EU, Japan, USA, Korea, Finland, Sverige og Noreg om ei avtale om å byggje ned stønaden til skipsbyggingsindustrien avslutta. Avtala vil kunne stabilisere marknaden og på nytt opprette normale konkurranse tilhøve innanfor denne industrien.

Ein nordisk miljøstrategi er vedteken. Strategien baserer seg på m.a. berekraftig utvikling, miljøtilpassa samfunnsutvikling, sektoransvar, livssyklusprinsippet, prinsippet om varsemd og om optimal bruk av styringsmiddel som instrument i den nordiske miljøpolitikken.

Ei ministerfråsregn om nordisk samarbeid om behandling av miljøfarleg spesialavfall er underskriven.

Dei nordiske landa er vortne samde om ei avtale om høve til høgare utdanning i Norden.

Nordisk Forum 1994 i Åbo var ei omfattande markering av likestillingsarbeidet i Norden. Saman med den regionale kvinnekonferansen for Europa og Nord-Amerika i Wien i oktober var dette eit viktig innspel i førebuingane til FN-kvinnekonferansen i Beijing i 1995.

Det er gjennomført fleire store kultursatsingar i utlandet, m.a. ei større markering i Berlin.

Feiringa av Grieg-jubileet vart avslutta ved årsskiftet. Jubileet omfatta om lag 600 arrangement og vekte stor internasjonal merksemd.

Som ledd i presentasjonen av norsk kultur i samband med Lillehammer-OL er det gjennomført vellykka kulturframstøyta i fleire europeiske byar, og i Japan og USA.

Informasjons- og pressearbeidet i samband med Lillehammer-OL har gjort sitt til auka positiv presseomtale av Noreg i utanlandske media. Oppfølging og utnytting av OL-effekten er prioritert høgt. M.a. er det gjennomført eit omfattande profileringsopplegg i USA tilpassa fotball-VM.

Det har vore stor aktivitet på det området som gjeld personar frå utlandet. I 1993 gav Noreg vern til 9 183 personar, i hovudsaka frå

det tidlegare Jugoslavia. Visumplikt for personar frå Bosnia-Hercegovina vart introdusert i oktober i fjor. Med det svenske regjeringsvedtaket i april i år har den store tilstrøyminga av asylsøkjarar, som i hovudsaka kom frå det tidlegare Jugoslavia etter å ha fått avslag på søknaden sin i Sverige, falle bort. Tilstrøyminga av asylsøkjarar frå andre delar av verda er framleis låg.

Initiativet frå statsministeren i 1993 til ein europeisk handlingsplan mot rasisme er følgd opp av Europaratet og medlemslanda i rådet. Ein europeisk kampanje mot rasisme er planlagd, og det er sett ned ein ekspertkommisjon mot rasisme og intoleranse.

I Noreg har Ungdomskampanjen mot rasisme vorte gjennomført i 1994. Regjeringa har i alt løyvd 10 mill kroner til kampanjen i 1993 og 1994. Ein har også begynt å planleggje ein nordisk kampanje mot framandfiendskap.

Alle kommunane i landet er spurde om å delta aktivt for å skaffe bustader til dei mange flyktningane som bur i statlege mottak. Mange kommunar gjer ein god jobb i busettingsarbeidet, men framleis vantar det bustader.

Det er vedteke ei lov om at vedtaket i Tryggingsrådet i FN om å opprette ein internasjonal domstol for brotsverk i det tidlegare Jugoslavia skal gjennomførast i norsk rett.

Det høge nivået på norsk utviklingshjelp og humanitær hjelp er ført vidare. Dei totale utbetalingane i 1993 var 7 203 mill kroner og utgjorde 1,01 % av bruttonasjonalinntekta (BNI). Utbetalingane i 1993 fordeler seg med 51,9 % på rein bilateral hjelp, 44,2 % på multilateral hjelp og 3,9 % på administrasjon.

Utbetalingane til multilaterale organisasjonar var på vel 3 000 mill kroner i 1993, og det er om lag som året før. Dei som tok imot mest var FN-utviklingsprogrammet (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA). Noreg har saman med dei andre nordiske landa halde fram med arbeidet med å betre hjelpearbeidet som FN utfører, og har m.a. fått gjennomslag for reformer av styringsstrukturen i FN-fond og FN-program.

Noreg har teke del i førebuingane til Den internasjonale konferansen om folkesetnad og utvikling i Kairo. Samtidig har Noreg vore med på å førebu FN-toppmøtet om sosial utvikling i København i 1995.

Hjelpa har vore brukt aktivt i fredsskapande arbeid m.a. i Midtausten, Mellom-Amerika og det sørlege Afrika. Regjeringa har gjeve omfattande nødhjelp m.a. til ofra for krigshandlingane i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda, og til ofra for tørkekatastrofen på Afrikas Horn.

Private norske og internasjonale organisa-

sjonar mottok 21 % av hjelpebudsjettet i 1993. Auken på 4 prosenteiningar frå 1992 kjem i stor grad av at den humanitære hjelpa i det tidlegare Jugoslavia er styrkt.

Forsvarsbudsjettet for 1994 har ein noko lågare økonomisk profil enn føresetnaden var i langtidsmeldinga om hovudretningslinjene for verksemda og utviklinga i Forsvaret i tida 1994–1998. Det er ompriorert innanfor budsjetttrammene på grunn av eit aukande norsk engasjement i dei fredsbevarande FN-styrkane. Målsetjingane og hovudprioriteringa for utviklinga i Forsvaret står likevel fast ved at krigsstrukturen og fredsorganisasjonen blir lagde om og reduserte. Dette fører til reduserte driftsbudsjett, som gjer det mogleg med den nødvendige fornyinga av forsvarsmateriellet.

Det er vedteke endringar i fredsorganisasjonen i Forsvaret, og hovudvekta er lagd på omstrukturering og reduksjon av den regionale og lokale organiseringa av Hæren. Vidare er det vedteke mindre endringar i fredsorganisasjonen i Sjøforsvaret og Luftforsvaret. I samband med desse endringane er det sett i verk ei rekje tiltak. Det er utarbeidd statlege verke-middel for å dempe dei negative verknadene i dei lokalsamfunna der Forsvaret omorganiserer.

Som ei følgje av omstillinga har Regjeringa fastsett ein politikk for korleis reduksjonen i personellstyrken i Forsvaret skal handterast. Ei verkemiddelpakke med skiping av ein ressursorganisasjon for overtalig personell står sentralt.

Det er inngått kontraktar om innkjøp av korthaldspanservern og stormpanservognen til Hæren. Vognene vil betre mobiliteten og vernet i hæravdelingane. For å betre luftvernet er det inngått kontrakt om å skifte ut NOHA-batteria med det moderne luftvernsystemet NASAMS. Det er gjort avtale med amerikanske styresmakter om å kjøpe radarstyrt mellomdistanse luft-til-luft-rakettar til det nye systemet. Havariet til fregatten KNM Oslo førte til at talet på eskortefartøy vart redusert frå fem til fire.

Det fellesfinansierte infrastrukturprogrammet er under omlegging. Fokus er i større grad flytt til middelhavsområdet samstundes som programmet er vorte redusert. Det kan føre til at Noreg for første gong må betale meir inn til programmet enn vi får att. Det er likevel så viktig å halde oppe programmet at dette kan vere akseptabelt, i alle fall på kortare sikt.

Folkemengda i Noreg pr. 1. januar 1994 var 4 324 815. Folketalet auka med 25 600. Til-veksten i første halvåret av 1994 var 12 900. I 1993 flytta 31 700 personar til Noreg, medan 18 900 flytta frå landet. Nettoinnflytinga vart

12 800. Det er 2 900 fleire enn i 1992, og godt over gjennomsnittet for 1980-åra. Talet på fødde gjekk ned med 430 til 59 700. Det førte til ein nedgang i samla fertilitet frå 1,88 i 1992 til 1,86 i 1993.

Pr. 1. januar 1994 var 14,4 % av folkesetnaden 67 år og eldre, og 20,5 % var under 16 år. På same tid vart det registrert 162 300 busette med utanlandsk statsborgarskap, ein auke på 8 300 frå året før. Talet på personar med statsborgarskap i europeiske land utanom Noreg auka med 8 200 til 86 200.

I 1993 stabiliserte sysselsetjinga seg etter det kraftigaste og mest langvarige tilbakeslaget på arbeidsmarknaden etter den andre verdskrigen. Den gjennomsnittlege sysselsetjinga for 1993 var 2 004 000 personar. Sysselsetjinga auka gjennom 1993, og i første halvår 1994 låg auken på 23 000 personar.

I 1993 var det etter arbeidskraftundersøkinga i gjennomsnitt 127 000 arbeidsledige, som svarer til 6,0 % av arbeidsstyrken. I første halvåret 1994 har talet på arbeidsledige vorte redusert med 9 000 personar i høve til første halvåret i fjor.

Talet på arbeidsledig ungdom har gått noko ned, men det ligg framleis høgt. I 1993 var 13,7 % av arbeidsstyrken i aldersgruppa under 25 år arbeidsledige. Talet på langtidsledige har auka, og det utgjorde i første halvåret av 1994 45 % av dei ledige.

I 1993 var det ved arbeidsformidlinga i gjennomsnitt registrert 38 900 yrkeshemma. For første halvåret 1994 har talet auka til 45 100.

Innsatsen for dei arbeidsledige har vorte styrkt. Talet på tiltaks-plassar for ordinære arbeidssøkjarar var gjennomsnittleg om lag 60 000 plassar i 1993, som svarer til 2,8 % av arbeidsstyrken. I 1994 er dette høge nivået ført vidare.

På attføringsstiltak var det i gjennomsnitt 4 700 plassar i 1993. Det var 1 300 fleire enn året før. I første halvåret 1994 er omfanget auka til om lag 16 400, og i tillegg går 14 300 personar på attføringsstiltak i samsvar med kapittel 5 i folketrygda.

I 1993 var om lag 79 000 sysselsette innanfor norsk oljeverksemd. Det er om lag 4 % av den totale sysselsetjinga. Sysselsetjinga innanfor verksemda har hatt ein monaleg vekst det siste året som ei følgje av den høge aktiviteten på kontinentalsokkelen.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsokkelen i 1993 var 138,9 mill tonn oljeekvivalentar, mot 132,8 mill tonn i 1992. I første halvåret av 1994 var produksjonen 76,8 mill tonn oljeekvivalentar, ein auke på omlag 16 %.

Pr. 31. desember 1993 er det i alt påvist

6 331 mill oljeekvivalentar på norsk sokkel. Tilveksten av olje og gass var større enn uttaket fra 1992 til 1993. Med det uttaket av petroleum som er i dag, har Noreg att oppdaga ressursar til 20 års oljeproduksjon og 115 år med gassproduksjon. Det er teke omsyn til auka oljeutvinning.

Investeringskostnadene til faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen i 1993 var 48 200 mill kroner, ein auke på 24,7 % frå året før. Det var i hovudsaka det rekordhøge investeringsnivået for feltutbyggingsingar som var grunnen til den sterke veksten. I det same tidsrommet var leitekostnadene 5 400 mill kroner, mot 7 700 mill kroner året før. Den norske delen av leveransane til kontinentalsokkelen har dei siste åra ligge på 50–60 %.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1993 8 200 mill liter. Det er ein auke på 2,25 %. Totalsalet i første halvår 1994 var på 4 171 mill liter, mot 3 885 mill liter i den same perioden i 1993. Hittil i år er 87,3 % av alt bensinsalet blyfri bensin.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1993 var 120 mrd kilowatt-timar (TWh). Det er ein auke på 2 %. I første halvår av 1994 var produksjonen 58,7 TWh, ein nedgang på 1,5 %. I 1993 var det eit eksportoverskott på 7,8 TWh, mot 8,8 TWh i 1992. Hittil i år er importen av elektrisk kraft 1,6 TWh høgare enn eksporten.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft første halvår av 1994 gjekk opp med 6,3 % samanlikna med same perioden i 1993. I tolvmånaders-perioden juni 1993 til og med mai 1994 var bruttoforbruket 115,3 TWh, ein auke på 5,8 %.

Den reviderte nasjonalreknesaksstatistikken for 1993 viser at bruttoinvesteringa i fast kapital i varehandelen var 6 418 mill kroner i 1993 og 5 817 mill kroner i 1992. Nedgangen i sysselsetjinga i varehandelen heldt fram i 1993.

I første kvartal 1994 gjekk det omsette volumet i detaljhandelen totalt opp med 11,5 %. Utanom motorkjøretøy, brensel og drivstoff var auken 7,9 % i denne perioden.

Overnattingsstatistikken for hotell og andre overnattingsverksemder viste ein vekst i 1993 på 5 %. I alt er det registrert om lag 14,0 mill gjestedøgn i 1993, og av desse stod nordmenn for om lag 67 %. For dei første månadene av 1994 er veksten i utanlandske gjestedøgn ved hotella 18 %. Frå 1989 til 1993 har talet på gjestedøgn i hotellbransjen auka med heile 20,5 %. Dei totale reisevalutainntektene til Noreg i 1993 var 13 100 mill kroner, 6,9 % høgare enn i 1992. Bruttoproduksjonen for turistmål i reiselivsnæringa i det heile var i 1993 på 42,9 mrd kroner som er svært positivt.

Førebelts oppgåver over varebytet med

utlandet viser at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei seks første månadene av 1994 var 87 400 mill kroner. Verdien var 12 300 mill kroner meir enn i fjer. Verdien av utførsla var dei seks første månadene av 1994 112 300 mill kroner, eller 4 600 mill kroner høgare enn i 1993. Av utførsla i dei seks første månadene av 1994 utgjorde råolje og gass 52 100 mill kroner, mot 52 600 mill kroner i fjer. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg viste dermed eit underskott på 20 000 mill kroner dei seks første månadene i år, mot 27 200 mill kroner i 1993.

For perioden januar – april 1994 viser førebels oppgåver for driftsrekneskapen overfor utlandet eit overskott på 8 100 mill kroner, mot 10 000 mill kroner for januar – april 1993. For varer og tenester i alt var det eit eksportoverskott på 15 200 mill kroner for januar – april 1994, mot 22 300 mill kroner i same perioden året før. Eksportoverskottet i januar – april 1994 fordeler seg på varer med 13 700 mill kroner og på tenester med 1 400 mill kroner.

Rente- og stønadsbalanse viser eit underskott på 7 100 mill kroner i januar – april 1994, mot 12 400 mill kroner i januar – april 1993. Netto renter og aksjeutbytte m.m. til utlandet viser ein nedgang i same følge på 1 800 og 3 900 mill kroner, medan netto stønader til utlandet gjekk opp med 500 mill kroner.

Noregs nettogjeld overfor utlandet gjekk ned med 4 449 mill kroner i januar – april 1994. Skilnaden mellom overskottet på driftsbalanse og endringa i nettogjelda er omvurderingar av fordringar og gjeld netto, i hovudsaka på grunn av valutakursendringar. Netto gjeld overfor utlandet ved utgangen av april 1994 var etter dette 53 282 mill kroner.

Den samla bruttogsjelda som publikum hadde til utanlandske og innanlandske kjelder, gjekk ned med 0,6 % i 1993. I 12-månaders-perioden fram til utgangen av juni 1994 gjekk den samla bruttogsjelda publikum hadde, etter førebels tal ned med 0,2 %. Pengemengda auka med 0,5 % i 1993. Dei siste 12 månadene fram til utgangen av juli 1994 har penge mengda etter førebels tal auka med 6,2 %.

Etter vedtaket 10. desember 1992 om å oppheve swingingsmarginane og la krona flyte, har det operative målet for penge- og valutapolitikken vore stabilitet i kronekursen. Regjeringa fastsette i mai i år ei ny forskrift for kursordninga for den norske krona. Forskrifta er retningsgjevande for gjennomføringa av penge- og valutapolitikken.

Kronekursen målt mot ecu har i flyteperioden stort sett ligge 4–5 % svakare enn den tidlegare sentralverdien mot ecu.

Dei kortsigtinge rentene i den norske penge-

marknaden nådde eit botnnivå på rundt 5 % først i februar, og er no på om lag $7\frac{1}{4}\%$. Norske renter er no om lag 1 prosentpoeng under tilsvarende ecu-renter, og $1\frac{3}{4}$ prosentpoeng over tyske renter. Samanlikna med oktober 1993 har pengemarknadsrentene gått opp med $\frac{3}{4}$ prosentpoeng.

Dei langsiktige rentene fall til eit botnnivå på om lag 5 % først i februar, og dei er no vel $8\frac{1}{2}\%$. Dette er vel 2 prosentpoeng høgare enn i oktober 1993. Auken i dei norske obligasjonsrentene må ein i hovudsak sjå på bakgrunn av renteoppgang både i USA og Europa. Renteauken har likevel vore sterkare i Noreg enn i Tyskland og einskilde andre europeiske land. Den langsiktige norske renta er no i underkant av $\frac{1}{2}$ prosentpoeng over ecu-renta og vel $1\frac{1}{2}$ prosentpoeng høgare enn den tyske renta.

Både folio- og D-lånsrenta er sidan førsten av oktober 1993 sett ned med til saman $\frac{3}{4}$ prosentpoeng, til 4,75 og 6,75 %. Noregs Bank har sidan årsskiftet og fram til utgangen av juli i år netto kjøpt valuta motsvarande 0,1 mrd kroner. Valutareservane utgjorde 146,9 mrd kroner ved utgangen av juni i år.

Innskotts- og utlånsrentene i bankane fall i 1993 og 1. halvår 1994. Den gjennomsnittlege utlånsrenta fall fra 10,1 % ved utgangen av september 1993 til 8,3 % ved utgangen av juni i år. I den same perioden fall innskottsrenta med 0,6 prosentpoeng til 3,8 %. Rentemarginen til bankane vart dermed redusert med 0,3 prosentpoeng til 4,5 prosentpoeng i perioden.

Konsumprisane for dei åtte første månedene i år låg i gjennomsnitt 1,2 % høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Tilsvarende tal for året før var 2,4 %.

Fra første halvår 1993 til første halvår 1994 auka utgiftene over statsbudsjettet utanom låntransaksjonar med 4 %. Utgiftene over statsbudsjettet utanom utgifter til statleg petroleumsverksemd vokste med 2,4 %. Inntektene på statsbudsjettet vart i same perioden auka med 4,9 %. Utanom oljeinntektene vokste inntektene med 6,1 %. I første halvår 1994 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 28,3 mrd kroner. Underskottet før låntransaksjonar korrigert for oljeskattar og statleg petroleumsverksemd var i første halvår 1994 39,9 mrd kroner, mot eit underskott på 43,8 mrd kroner i den same perioden i 1993.

Regjeringa har med konkrete tiltak styrkt innsatsen for å gjere offentlege etatar med vitne om den rolla dei har som marknad for norsk næringsliv. Det er m.a. teke fleire initiativ for å stimulere til auka samarbeid mellom helsesektoren og næringslivet.

For m.a. å få eit oversiktleg og heilskapleg næringsretta verkemiddelapparat har ein lagt særleg stor vekt på samarbeidet mellom Noregs forskingsråd og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond.

Det er lagt til rette for å skipe regionale enøk-senter. Det første er etablert i Trondheim.

Næringslovutvalet har gjort framlegg om endringar i omsetningsreguleringane i landbruket, innspel om tiltak mot økonomisk kriminalitet i restaurantbransjen og nedkorting av preskripsjonsfristen i odelslova.

Regjeringa gjorde i august framlegg til lov om kjøp av næringsverksemd. Framlegget er ei nødvendig modernisering av konsesjonslovgjevinga for kjøp av verksemd, og innfører meldeplikt for overtaking av større eigardelar i norske verksemder over ein viss storleik.

Utvælet som har revidert vassdragslova, la fram utgreiinga si i august 1994. Framlegget medfører ei modernisering av lovgjevinga, og legg auka vekt på miljøomsyn og styrker dei allmenne interessene.

Stortinget vedtok i april i år å leggje eit framtidig lager og deponi for lågt og middels radioaktivt avfall til Himdalen.

I januar gjorde Nærings- og energidepartementet vedtak i klagesaka som gjaldt ein 300 kV kraftleidning frå Fana til Troll-terminalen på Kollsnes. 14 km av leidningen skal leggjast i jorda fram til Kollsnes, medan resten skal vere luftspenn.

Regjeringa gav i september 1993 konsesjon til ei langsiktig kraftutvekslingsavtale mellom Preussen Elektra AG og Statkraft SF. Norsk Kraftekspresport A/S ved Statkraft SF har inngått ei langsiktig kraftutvekslingsavtale med det nederlandske kraftselskapet SEP.

Aksjekapitalen ved Norsk Hydro a.s. er utvida, og staten har teikna aksjar for 2 415 mill kroner. Staten held dermed oppe eigarelen sin på 51 % i selskapet.

Koldrifta ved Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S utgjer hovudgrunnlaget for næringsverksemda på Svalbard. Selskapet har arbeidd med planar for den vidare drifta og gjort undersøkingar og vurderingar av om det er mogleg med produksjon i Svea og Sentralfeltet i framtida.

I Sør-Varanger har omstillingsarbeidet halde fram etter bemanningsreduksjonen ved A/S Sydvaranger. Private og offentlege prosjekt vil gje om lag 250 nye arbeidsplassar.

I 1993 vart det lansert eit eige handlingsprogram for reiselivsnæringa. Løyvinga frå Stortinget til eksportsatsing i reiselivet gjennom stiftelsen NORTRA vart for 1994 auka med nærmere 25 mill kroner for m.a. å utnytte OL-effekten. I perioden har vedtekten for

NORTRA vorte lagde om med siktet på at reiselivsnæringa sjølv skal ta eit større ansvar.

Nærings- og energidepartementet la i februar fram ei melding om utfordringar og perspektiv for petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen. For å halde opp ein effektiv aktivitet vart det gjort framlegg om å opne nye område for leiteverksemd og om endringar i rammevilkåra.

Planen for utbygging og drift av Veslefrikk Statfjord-formasjonen vart godkjend ved kongeleg resolusjon i juni 1994.

Løyve til anlegg og drift av Troll Oljerør vart gjeve ved kongeleg resolusjon i desember 1993.

Stortinget samtykte i juni 1994 i at Kongen fekk fullmakter til å godkjenne at det blir inngått nye kontraktar om sal av gass med Verbundnetzgas, MEEG og Gaz de France.

Regjeringa har lagt fram proposisjon om rammevilkår og plan for utbygging av Eko-fiskfeltet. Det er planlagt å auke kapasiteten for transport av norsk gass til kontinentet.

Ubyggingsplanane for den første innrettinga for utvinning av olje frå Troll Vest er godkjende ved kongeleg resolusjon i mai 1994.

I innanlandsk persontransport vart det i 1993 utført eit transportarbeid på 53,3 mrd persontransportkilometer, mot 52,3 mrd året før. Privatbilane står for 77,9 % av persontransportarbeidet. Det samla innanlandske godstransportarbeidet i 1993 var 28,4 mrd tonnkilometer, og det er om lag det same som i 1992.

Lengda på det offentlege vegnettet i Noreg er i overkant av 90 000 km. Av dette er 26 000 km riksvegar. Av riksvegane er om lag 26 % stamvegar. Desse hadde om lag halvparten av trafikken på riksvegane.

I 1993 vart nye riksvegstrekningar på i alt 329 km tekne i bruk. I tillegg vart det i tilknyting til riksvegnettet bygd 110 km gang- og sykkelvegar.

På stamvegnettet kan det no kjørast med 10 tonn aksellast heile året. Ved årsskiftet var 45 % av det totale riksvegnettet ope for 10 tonn aksellast heile året, mot 38 % året før. Ved utgangen av 1993 hadde 98 % av riksvegane og 70 % av fylkesvegane fast dekke. Trafikken på riksvegnettet har auka med 0,9 % det siste året.

Salet av nye bilar aukar, og ein reknar med ein auke i nybilsalet på om lag 35 % i høve til 1993.

Ved utgangen av 1993 var det i underkant av 3 mill kjøretøy i landet. Av dei var det 2 mill bilar, og av desse att 1,6 mill personbilar. Salet av blyhaldig bensin gjekk ned med 30,4 % frå 1992 til 1993.

I 1993 vart 11 817 skadde eller drepne i veg-

trafikken. Det var 88 fleire enn i 1992. 281 personar vart drepne i vegtrafikken i 1993, og det er 44 færre enn året før.

Ved slutten av 1993 var det 123 riksvegferjesamband, med 187 ferjer som trafikkerte sambanda. Seks nye ferjer vart sette i trafikk, og åtte eldre ferjer vart tekne ut av drift. Det vart i 1993 gjeve betre tilbod i høve til 1992 ved 12 ferjesamband.

Talet på bustader som er utsette for støy frå vegtrafikk over 65 dBA, vart redusert med om lag 1 540 i 1993.

Investeringane i vegsektoren var i 1993 på 4,8 mrd 1994-kroner.

Regjeringa la i mai 1994 fram meldinga om nytt overordna styringssystem for Statens Vegvesen. Stortinget sluttet seg i all hovudsak til innhaldet. Hovudopplegget er å legge til rette for ei betre politisk styring, og dessutan å fastsetje rammevilkår som gjer Statens Vegvesen i stand til å utføre oppgåvene sine meir effektivt.

Det totale talet på passasjerar som kom og reiste over norske lufthamner i 1993, var 18,6 mill. Det tilsvarer ein auke på 6,7 %. Innanlands rutetrafikk auka med 6,9 %, medan veksten for utanlands rutetrafikk var 7,6 %. Chartertrafikken hadde ein auke på 1,4 %. Veksten i den totale trafikken var størst på stamruleplassane med 6,9 %, medan dei regionale plassane hadde ein vekst på 3,9 %. I 1994 har veksten skote endå meir fart. I dei fem første månadene låg det totale talet på passasjerar 11 % høgare enn i same perioden året før.

I 1993 vart 15 drepne i flytrafikken, mot 4 i 1992.

Flyselskap som hører heime i Noreg, Sverige og EU har frå 16. august 1993 kunna konkurrere på internasjonale flyruter innanfor avtaleområdet Noreg, Sverige og EU. Avtaleområdet vart frå 1. juli 1994 utvida til også å gjelde dei landa som er dekte av EØS-avtala.

Frå 1. april 1994 har norske flyselskap kunna konkurrere på innanriks ruter med unntak for dei subsidierte rutene som m.a. blir trafikkerte av Widerøes Flyveselskap A/S. Flyselskapa har auka setetilboden på dei mest trafikkerte innanriksstrekningane, og tilboden på dei mindre trafikkerte rutene er halde oppe.

Arbeidet med tilrettelegging og utbygging av ny hovedflyplass på Gardermoen og vegnettet til flyplassen er i gang i samsvar med vedtaket i Stortinget, og følgjer dei oppsette framdriftsplanaane med siktet på opning i 1998–99. Gjennom Luftfartsverket og Oslo Hovedflyplass A/S vart det i 1993 investert i alt 911 mill kroner i flyplassanlegg. Av dette gjeld 296 mill kroner ny hovedflyplass.

For NSB har situasjonen i det første halvåret i år vore vanskeleg. Gjennomføringa av transportoppgåvene i samband med OL på Lillehammer var vellykka, men driftssituasjonen i vinter førte til overskridinger på utgiftssida. Det er sett i verk innsparingstiltak.

På lengre sikt ser det lysare ut for NSB. Persontrafikken auka med 4 % i 1993, mot 1,2 % året før. Det var ein auke i persontrafikken for alle togslag innanlands. Godsdivisjonen hadde 9 % auke i talet på framførte tonn i 1993. Men godset vart transportert over kortare avstandar slik at det samla transportarbeidet for gods vart redusert med 4,5 %.

Arctic Rail Ekspres (ARE) er eit nytt gods-tog mellom Narvik og Oslo gjennom Sverige. ARE vart opna hausten 1993 og har så langt hatt ei god utvikling.

NSB er inne i ein langsiktig prosess med effektivisering og rasjonalisering for å få ned kostnadsnivået. Talet på årsverk gjekk ned med 1,8 %. Frå 1991 til 1992 var nedgangen 2,7 %.

I 1993 vart 11 drepne og 12 skadde i togtrafikken. Talet på drepne i 1992 var 12 og talet på skadde var 9.

Talet på postsendingar auka i 1993 med 3,2 %, medan produktiviteten auka med 1 %. Postverket hadde i 1993 eit årsresultat på 280,5 mill kroner, ein auke på 73,3 mill kroner. Det vart i 1993 oppretta 6 postkontor, medan det vart lagt ned 54. 13 postkontor vart omgjorde til kontraktpostkontor. Pr. 1. august er det i år lagt ned 14 postkontor.

Regjeringa la i april 1994 fram ein proposisjon med framlegg om å slå saman Postgiro og Noregs Postbank.

Den nye organisasjonen i Televerket vart etablert 1. januar 1993. Norsk Telekom AS vart oppretta 1. juni 1993 som eit eigarselskap for Televerket for all konkurranseskild selskapsverksemd.

Telegruppa, dvs. Televerket og Norsk Telekom AS, hadde ei samla omsetning på 17,4 mrd kroner i 1993, ein auke på 0,6 mrd kroner.

Teleprisane vart reduserte med 6,9 % i 1993. Prisen på teljarsteg gjekk ned frå 92 til 84 øre, og fjerntaksten vart sett ned med i alt 19 %. For 1994 er det gjennomført endå ein prisreduksjon på 6 %, slik at prisen på teljarsteg no er 78 øre. Prisnivået er redusert med om lag 30 % frå 1989.

Telefontrafikken auka med 10 %, medan auken i talet på abonnement for private var 2 % og for verksemder 5 %.

60 % av telenettet var digitalisert ved utgangen av 1993.

Stortinget vedtok i juni 1994 eit framlegg frå Regjeringa om å gjere Televerket om til eit heileigd, statleg aksjeselskap.

Laboratoriet til Statens teleforvaltning vart i 1994 utpeikt som teknisk kontrollorgan for sertifiseringsverksemd innanfor EØS-området.

Dei totale inntektene til Statens teleforvaltning auka i 1993 med 9,7 %, særleg pga fleire oppdrag. Gebyra var på dei fleste område på same nivå som i 1992.

Totalt vil kornavlinga for i år liggje på om lag 80 % av normal årsavling. Vårkornavlingane kan bli reduserte ned til 50–60 % av normal årsavling i dei områda som er hardast råka. For Austlandet reknar ein med at kornavlingane blir om lag 75 % av normal årsavling.

Kombinasjonen av låge middeltemperaturar hausten 1993, ein hard vinter og for tørr forsommar har resultert i tynne haustkornåkrar. Avlingsprognosar kan tyde på at avlingane i enkelte fylke kan bli reduserte ned til 30–40 % av normal årsavling.

Avlingsprognosane for engvekstane i Sør-Noreg ligg på 70 % av normal årsavling. For Rogaland ligg avlingsprognosene på 120 %. For Trøndelag og Nord-Noreg ligg prognosane på rundt normal årsavling.

Mjølkeproduksjonen i 1993 var på 1 780 mill liter kumjølk og 25 mill liter geitemjølk. For 1994 tek ein sikte på ein produksjon på 1 740 og 25 mill liter. Mjølkesalet går framleis ned, og salet i første halvåret 1994 er på same nivået som i 1993.

Reduksjonen i utslepp av næringsstoff frå jordbruksoppgjøret fram til utgangen av 1992 i området med avrenning til den sårbarer delen av Nordsjøen, er rekna til 20–22 % for fosfor og 15–20 % for nitrogen. Det vil seie at ein har oppnådd i same følgd 50 % og 40 % samanlikna med dei måla som er sette for 1995. Tekniske miljøtiltak, innføring av meir miljøvennlege driftsformer og meir effektiv bruk av gjødsel er første vidare. Arbeidet med å redusere fosfortapa er i rute. Reduksjonen av nitrogen ligg som for dei andre landa som er omfatta av Nordsjø-avtala, noko etter tempoplanen.

Endra jordarbeidings, dvs. at åkerareal ikkje blir arbeidde om hausten, omfatta i 1993–94 om lag 1,4 mill dekar.

Jordbruksoppgjøret i år var det andre etter at Stortinget fastsette nye retningslinjer for landbrukspolitikken vinteren 1993. Etter brott i forhandlingane fastsette Stortinget rammene for årets oppgjør. Ramma innebar ein reduksjon i prisar og overføringer på 1650 mill kroner. Av dette er reduksjonen i overføringer over statsbudsjettet 660 mill kroner. Gjennom oppgjøra dei to siste åra har ein fått til ei dreiling mot eit meir robust og konkurransedyktig jordbruk, som betre kan møte dei

store utfordringane det står overfor. Totalt vil overføringa til jordbruksoppgjeteren bli om lag 11,5 mrd kroner i 1994.

Med uendra prisar og tiltak ville jordbruksoppgjeteren fått ein inntektsvekst i gjennomsnitt pr. årsverk på 11 % frå 1993 til 1994. Med endrin-gane i jordbruksoppgjeteren i år blir inntektsveksten om lag 4 %.

Elles er utviklinga i jordbruksoppgjeteren i samsvar med dei retningslinjene som Stortinget har drege opp. Grovförproduksjonen held seg oppe og forbruket av kraftfør ved normale avlingar har i dei seinare åra vore nokså stabilt. Mjølkeproduksjonen er noko redusert, medan husdyrproduksjonen alt i alt har halde seg høg. Kjøttforbruket har auka. Jordbruksoppgjeteren har vore aukande, og det har ikkje vore større sidan krigen.

Vidare har distrikta halde oppe sin del av den samla produksjonen. Jordbruksoppgjeteren inneber at distriktsprofilen på dei landbruks-politiske tiltaka blir ført vidare. Strukturtillata blir utforma slik at inntektsutviklinga blir om lag lik på små og store bruk.

Jordbruksavtaleprisane på kjøtt og egg er reduserte i oppgjeteren i år. Prisane på mjølk og mjølkeprodukt er òg reduserte som ledd i ei langsiktig tilpassing ut frå marknadssituasjonen.

I dei seinare åra har det vore overproduksjon av mjølk, egg og lyse kjøttvarer. Det har redusert inntektsutsiktene i jordbruksoppgjeteren. Marknadssituasjonen har betra seg for kjøtt, men for dei fleste jordbruksvarene er det framleis ikkje grunnlag i marknaden for å ta ut dei prisane jordbruksavtala formelt gjev grunnlag for. 300 mill kroner av reduksjonen i avtaleprisane slår derfor ikkje ut i form av inntektsreduksjon for produsentane.

Årets jordbruksoppgjeter innebar også ei monaleg forenkling av verkemiddelsystemet. Arealtilskottsordningane i Nord-Noreg og delar av Trøndelag og tilskott til areal som blir drevne økologisk, er samordna til éi ordning. I tillegg er avkortingsreglane gjorde enklare.

Arbeidet med vern og utvikling av kulturlandskap i jordbruksoppgjeteren er gjeven høg priorititet i jordbruksavtala, og det er knytt miljøkrav til areal- og kulturlandskapstillegga på vel 2,5 mrd kroner.

Satsinga på alternativ næringsutvikling i og i tilknyting til jordbruksoppgjeteren har auka. Interessa for ordningane er stor.

Verkemiddelinnsatsen til bygdeutvikling over jordbruksavtala har auka i høve til tidlegare år.

Ordninga med bygdeutviklingsmidlar er sett i verk i heile landet. Det er lagt særleg vekt på å skape arbeidsplassar for kvinner.

Det er utarbeidd forskrifter, og dertil mål og resultatstyringsopplegg.

Det er gjort evalueringar av investerings-verkemidla til tilleggsnæringar i landbruksoppgjeteren og av BU-midlar i enkelte fylke. Hovudtendensen er at brukarane er godt nøgde.

Arbeidet med å modernisere landbruksforskinga er prioritert. Eit viktig mål har vore å knyte kunnskapsproduksjonen i sektoren til nærings- og bygdeutvikling på ein meir formålstenleg måte.

Følgjene av reaktorkatastrofen i Tsjernobyl i 1986 gjer det framleis nødvendig med tiltak for dyr på utmarksbeite. I 1993 omfatta til-taka 103 000 sauher, mot 60 000 sauher i 1992.

Helsestilstanden elles hos norske dyr medrekna fisk er god når det gjeld alvorlege smittsame sjukdommar. Ein har fått kontroll over dei sjukdommane hos oppdrettsfisk som har ført til dei største tapa, og antibiotikaforbruket er sterkt redusert.

Den gode dyrehelsa er dokumentert gjennom testing av buskapar, og det har gjort det mogleg for Noreg å krevje tilleggsgarantiar mot fleire sjukdommar i samband med import frå EØS-land.

Reindriftspolitikken er revidert og følgt opp med ei rekke nye tiltak gjennom eit omfattande omstillingaprogram som skal medverke til ei berekraftig utvikling i dei sentrale områda i Finnmark og til å sikre ein god samanheng med samepolitikken elles.

Sametinget har fått ein politisk funksjon når ein skal drøfte dei årlege reindriftsavtala. Arbeid med ein fullstendig revisjon av distriktsinndelinga for reindrifta i Finnmark er sett i gang, og eit framlegg til ny inndeling er sendt ut på høyring.

Arbeidet med revisjon av reindriftslova er følgt opp.

Dei generelle marknadstilhøva for trelast og treforedlingsprodukt har sidan nyttår utvikla seg positivt. Det gjeld spesielt trelast der sterkt aukande etterspørsel har ført til ein monaleg auke i prisane.

For papirindustrien har ikkje marknadsutviklinga vore like gunstig, men også her er etterspørselen og prisane på veg oppover. Dette har likevel førebels ikkje resultert i høgare tømmerprisar slik tilfellet er i Sverige.

Utbyttet frå fiskeria var i første halvår av 1994 på 1660 tusen tonn (rund vekt) til ein førstehandsverdi på 3 700 mill kroner. Det er ein auke i verdi, samtidig som kvantumet er redusert med om lag 10 %.

Ressursgrunnlaget for norske fiskeri utviklar seg framleis positivt. Nord for 62°N er dei fleste økonomisk viktige bestandane i god stand. Loddebestanden har av naturgjevne grunnar vorte kraftig redusert. Rekebestan-

Forhandlinger i Stortinget nr. 2.

1994. 3. okt. – Åpning av det 139. Storting

17

den nord for 62°N har sidan 1991 hatt nedgang i nokre område.

Bestandane i Nordsjøen viser ikkje den same positive tilstanden og utviklinga, men det er framleis grunnlag for eit relativt stort uttak.

Dei aukande problema med ukontrollert fiske i Smotthølet og i fiskevernsona rundt Svalbard gjev grunn til uro. Arbeidet med å finne fram til dei beste tiltaka er gjeve høg prioritet, m.a. gjennom aktiv deltaking i FN-konferansen om fiske på ope hav.

Dagens fiskeflåte har ein betre storleik og ei betre samansetjing enn før. Lønnsemada er betra. Den positive utiklinga er eit resultat av arbeidet med kapasitetsavgrensande og -reduserande tiltak og den gunstige ressurssituasjonen.

Dei statlege overføringane til fiskerisektoren er no nede på eit svært lågt nivå med ei avtale i 1994 på 155 mill kroner, som er svært nær målet om ei subsidiefri næring. Også profilen på stønadsordninga er endra. Reduksjonen i stønadsnivået må ein sjå i samanheng med den positive utviklinga i næringa med høgare inntekter og lågare kostnader.

I 1993 auka verdien av norsk fiskeeksport med 7,7 %, og kom opp i 16,6 mrd kroner. I den same perioden auka det eksporterte kvantummet med 11,3 %, medan det vart ein nedgang i prisane. I første halvåret av 1994 auka eksportverdien med 16 %, og var på 8,9 mrd kroner mot 7,7 mrd kroner året før.

Oppdrettslaks er det viktigaste enkeltproduktet som blir eksportert, og produkt av laks stod i 1993 for om lag 1/3 av eksportverdien. Andre viktige eksportprodukt er klippfisk, saltfisk og filet av torsk, reker og frozen makrell. I 1993 vart det eksportert fisk til 150 land. EU er den viktigaste marknaden, og importerte fisk frå Noreg for 10,3 mrd kroner i 1993. Det tilsvarer 62,4 % av eksporten frå Noreg.

Marknadssituasjonen i Europa har vore ustabil i periodar, med aksjonar mot import av fisk frå tredjeland. For å regulere importen av fisk til den europeiske marknaden har EU-kommisjonen i periodar vedteke minsteimportprisar på laks og kvitfisk.

Noreg importerte fisk for 2,2 mrd kroner i 1993. Ein stor del av denne importen blir landa direkte frå utanlandske fiskefartøy til norske anlegg for foredling og eksport.

Det er vedteke ei lov om å registrere dei som kjøper råfisk m.m. i første hand. Formålet er å få til ei tilsysnsordning med omsetningsledda i førstehandsomsetninga.

For å få ei stabil finansiering av marknadsarbeidet for fisk innanlands er fiskeeksportlova endra slik at fiskeeksportavgifta kan

brukast til tiltak også innanlands. Det er vidare fastsett auka satsar for avgifta som gjev høve til å satse meir på felles marknadsføring. Fiskeridepartementet har arbeidd for at Eksportutvalet for fisk skal ha eit aktivt og godt samarbeid med Noregs eksportråd og næringsorganisasjonane for å sikre ein effektiv bruk av ressursane.

Ein må framleis betale subsidie- og dumpingavgifter ved eksport av fersk laks til USA. Saka har vore opp til administrativ nyvurdering, og éin eksportør har fått redusert avgifta.

For å betre konkurranseevna i fiskeindustrien har dei fleste endringane som er gjorde i lov- og forskriftsverk dei seinare åra, følgt tilrådingane frå Moxnes-utvalet frå 1987. Fiskeridepartementet har teke initiativ til eit arbeid med ein strategi for å auke verdiskapninga.

Tilfredsstillande kvalitetskontroll er ein viktig konkurransefaktor for norsk fiskerinæring. Det er sett i gang arbeid for å revidere kvalitetskontrolllovgjevinga og for å avklare ansvar og oppgåver for den offentlege kontrollen.

Havbruksnæringa har dei siste åra vore igjennom ei hard og økonomisk turbulent tid. Det kom likevel klare teikn til betring i 1993, og 1994 ser ut til å bli eit svært godt år. Etter stagnasjon i veksten i åra 1991 og 1992 auka produksjonen til 180 000 tonn i 1993. Prognosene for 1994 er om lag 210 000 tonn.

Noreg har styrkt posisjonen som det leidende oppdrettslandet i verda når det gjeld atlantisk laks. Over 90 % av produksjonen blir eksportert. Den viktigaste maknaden er EU.

Av oppdrettsfisk vart det i første halvåret 1994 eksportert lakseprodukt for 2,8 mrd kroner, som er ein auke på 22 %. Prisane låg på eit relativt høgt nivå i 1993, og dei har for ein stor del halde seg på det same nivået også i 1994.

Det er arbeidd vidare med tekniske og helse- og miljørelaterte problem innanfor havbruksnæringa. Driftsrutinar og forskrifter på anlegga er betra, og medisinforbruket og talet på rømt oppdrettsfisk har gått ned.

Det er skipa ei Norges arbeidsgiverforening for verksemder med offentleg tilknyting (NAVO).

Som eit forsøksprosjekt er det opna offentlege servicekontor i sju kommunar. Kontora har ført til ei samlokalisering av statlege og kommunale tenestetilbod og gjev lettare tilgjenge for brukarane.

Det er sett i gang eit utviklingsprogram for fylkesmannsembetet som skal klargjere kva rolle og funksjon embetet skal ha i forvaltinga og betre organiseringa av det.

Ny konkurranselov og pristiltakslov vart sett i verk frå 1. januar 1994.

Arbeidet med å førebygge kriminalitet er eit sentralt satsingsområde. Alle politikamra har no eit undervisningsopplegg retta mot skoleungdom. Ei rekke politikammer arbeider også med særskilde aktiviseringstiltak. Det nasjonale førebyggingsprogrammet Trygghet og nærhet i hverdagen er følgd opp gjennom fleire prosjekt.

Alle dei større byane har i 1994 gjennomført tiltak for å motverke gatevald og skape større tryggleik for publikum. Innsatsen har redusert talet på valdshandlinger. Det er også nedgang i talet på ordensforstyrningar og andre typar lovbrott som politiet kan førebygge ved å vere lettare å få tak i og meir synlege i lokalmiljøet.

Internasjonal organisert kriminalitet utgjer ein ny og alvorleg trussel. Fleire tiltak er i gang, og andre er under utgreiing.

Kriplos har fått to nye einingar som arbeider med kriminaletterretning. Einingane har fått tilført monalege ressursar.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal komme med framlegg til organisering av kriminaletterretningsarbeidet i Noreg og vurdere kriminaletterretning og andre etterforskingsmetodar i kampen mot alvorleg kriminalitet.

Kampen mot økonomisk kriminalitet har framleis høg prioritet. Samarbeidet mellom politi, påtalemakt og kontrollstyremakter har gjeve gode resultat i kampen mot svart økonomi. Justisdepartementet har skipa eit breitt samansett konkursråd for ein prøveperiode på to år.

Det er vedteke nye lovreglar om straff for kvitvasking av pengar og om rapporteringplikta som bankane har, det siste som ei følgje av EØS-avtala. Ved Økokrim er det etablert ei særskild eining som skal følgje opp innrapporteringa frå bankane og etterforske kvitvassing av pengar. Det er også skipa ei gruppe som skal etterforske store korrupszjonssaker og ei gruppe som etterforskar kriminalitet som er knytt til fiskehandelen mellom Russland og Noreg.

For å hindre ulovleg inn- og utførsel av varer er arbeidet med narkotikkontrollen høgt prioritert. I 1993 vart det beslaglagt narkotika som truleg ville ha hatt ein gateverdi på omlag 275 mill kroner. Dette er ein auke på 137 %. I 1993 vart det gjort fleire større narkotikabeslag enn tidlegare, truleg som følgje av mellom anna at fleire tolldistrikt organiserte kontrolltenesta og integrerte narkotikagrupperne i større kontrollgrupper.

For å auke kontrollfrekvensen i Finnmark er Troms og Finnmark tolldistrikt styrkt med 10 stillingar i 1993 og ytterlegare 10 stillingar i 1994.

Stillinga til kriminalitetsofra er styrkt.

M.a. har ofra fått innfridd kravet sitt om informasjon og innsyn i saksdokument, og dei har fått styrkt si erstatningsrettslege stilling. Ordninga for dommaravhør av barn i utuktsaker er betra og bistandsadvokatordninga er utvida.

Etterretningsinnsatsen mot barnepornoografi, seksuell utnytting av barn og såkalla Barnesexturisme er styrkt. Noreg tek også del i ei ny nordisk ordning med liasonoffiser for å avdekke seksuelle overgrep mot barn i utlandet som norske borgarar har gjort seg skuldige i. Kriplos er styrkt, og har fått ei ny og utvida rolle i kampen mot barnepornografi og seksuelle overgrep mot barn.

Regjeringa har prioritert tiltak som skal betre samspelet og framdrifta i heile straffesakskjeda. Justisdepartementet har sett i gang eit etatstyringsprosjekt som m.a. prøver ut eit nytt rapporteringsopplegg for å betre oppfølginga og styringa av avviklinga av straffesaker i politiet og påtalemakta. Dessutan er det sett i gang lokale samarbeidsprosjekt mellom politi, domstolen, forsvarsadvokatar og kriminalomsorga for å korte ned saksbehandlingstida.

Konfliktrådsordninga vart fullt utbygd i alle kommunane i første halvåret av 1994.

Gjennomføringa av toinstansbehandling av straffesaker er under førebuing. Reforma er omfattande og vil føre til ei monaleg styrking av rettstryggleiken.

Politimeistrane har frå 1. april 1994 teke over det administrative ansvaret for lensmannsetaten frå fylkesmennene.

Som ei oppfølging av ei tidlegare melding er ein i ferd med å utarbeide ei ny regional organisering av overvakkingstenesta i Politiet. Regjeringa har vedteke ny instruks for overvakkingstenesta.

I datasystema som vart utvikla for å understøtte politioppgåvene under gjennomføringa av OL, er det lagt stor vekt på etterbruk. Dataløysingane er vortne utprøvd i fleire distrikter.

Det er lagt fram ein proposisjon om ny lov om aksjeselskap. Framlegga har delvis bakgrunn i EØS-avtala, men det er også gjort framlegg om ei rekke andre endringar, m.a. med sikte på å få bukt med økonomisk kriminalitet og misbruk av aksjeselskapsforma.

Den såkalla soningskøen er no borte på grunn av god ressursutnytting og ein auke i talet på soningsplassar.

Aktiviteten i bustad- og byggjesektoren er aukande. Ein ventar at det blir sett i gang i underkant av 20 000 bustader i 1994, ein auke på om lag 20 %.

Husbanken spelar framleis ei dominerande rolle i bustadfinansieringa. Husbanken og

Landbruksbanken kan i år finansiere om lag 17 000 bustader.

Trass i at renta vart sett ned i Husbanken ved årsskiftet, er det framleis mange som innfriar låna sine. Det er først og fremst etter måten små, eldre lån til bustader der pantetryggleiken er god, som blir innfridde.

Regjeringa har gjort framlegg om endringer i plan- og bygningslova. Framlegga tek sikte på å betre kvaliteten og gje ordna tilhøve i byggjeverksemda.

Etter mange år med ubalanse mellom inntekter og utgifter hadde kommunesektoren i 1993 eit overskott før lånetransaksjonar på om lag 220 mill kr.

Nettogjelda i kommunesektoren er rekna til å bli redusert frå 36,3 % i 1991 til 33,3 % i 1993.

Kommunesektoren hadde i 1993 ein reell inntektsvekst på om lag 1 %. For 1994 er inntektsveksten rekna til 3,4 % nominelt.

Eit forenkla inntektssystem er teke i bruk i 1994.

Regjeringa la i kommuneøkonomiproposisjonen for 1995 fram ei rekke indikatorar for den økonomiske situasjonen og for tenestebyting i kommunesektoren, som eit ledd i at det skal leggjast meir vekt på resultatrappoering frå kommunesektoren.

Verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla er endra. Området er gjort mindre med sikte på ein meir målretta innsats der avstandsproblema er størst. Dei relativt sett best stilte delane av det tidlegare verkeområdet er nedjusterte, og i nokre få tilfelle tekne heilt ut. Regjeringa har samtidig opna for at små og mellomstore verksemder i desse områda kan få inntil 15 % investeringstilskott.

I den årlege distriktpolitiske utgreiinga la Regjeringa vekt på at revisjonen er ei oppfølging av intensjonane i Stortinget. Regjeringa varsla også ei vurdering av det regionale apparatet i SND. Dessutan vart det signalisert at ein skulle ta til å planleggje bruken av strukturfondsmidlane ved eit eventuelt EU-medlemskap.

Arbeidet med omstilling i næringsmessig einsidige kommunar har stått sentralt. Regjeringa har sett i verk eit omstillingsprogram for kommunar som er avhengige av Forsvaret. Det er vidare løyvd 29 mill kroner i ekstraordinær stønad til omstillingsprogrammet for Indre Finnmark. For å lette omstillinga i desse områda har Regjeringa også vedteke at det kan gjevast opptil 60 % investeringstilskott.

For å hjelpe kommunar med ekstra store sysselsetningsproblem løyvde Regjeringa våren 1994 ekstraordinære midlar til kommunale næringsfond.

Oppfølginga av stortingsmeldinga om Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde har gått som planlagt, og arbeidet med å etablere nye verneområde er sett i gang.

Som ei oppfølging av rovviltnedganga er det fastsett administrative grenser for fire kjerneområde for bjørn og tre kjerneområde for jerv. Det er sett i verk lisensjakt på jerv og kvotejakt på gaupe.

Det nye Polarmiljøsenteret er under oppbygging i Tromsø. Etableringa er ein del av stortingsvedtaket om å flytte Norsk Polarinstitutt til Tromsø.

I samband med MIK-reforma er det tilsett miljøvernleiarar i om lag 420 kommunar.

Stortinget hadde i mars 1994 føre meldinga om nærmiljøpolitikken. Det var tverrpolitisk semje om å sjå dei ulike lokalsamfunna i ein kommune som grunnlaget for den kommunale planlegging og drift, og at det må vere eit samvirke mellom offentlege styresmakter og dei lokale ressursane. Samvirkeløysingar innanfor miljøvern/fysiske forbetingstiltak og omsorg/oppvekst blir prøvde ut.

Regjeringa har vedteke rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.

Friluftslivets år vart gjennomført i 1993 i samarbeid med Friluftslivets Fellesorganisasjon og Friluftsrådenes Landsforbund. Det vart gjennomført meir enn 8000 arrangement med rundt rekna éin million deltakrar.

Skjergardsparkane fekk ein monaleg tilvekst i 1994 ved opninga av skjergardsparken i Kragerø. Om lag 3500 daa nye friluftslivsområde er dermed sikra for allmenta.

Alle stavkyrkjer har fått installert mellombels enkle alarm- og brannsløkkingssystem i 1993. Brannsikringa blir ført vidare i 1994. Elleve stavkyrkjer har no fått fullverdig sikring. Det er løyvd 30 mill kroner for å få meir fart på arbeidet.

Det er gjennomført ei omfattande omorganisering av forskingsverksemda innanfor kulturminnevernet. Forskings-, dokumentsjons- og konserveringsverksemda under Riksantikvaren er skild ut i eit eige forskningsinstitutt saman med naturvernet.

Regjeringa har vedteke rikspolitiske retningslinjer for utbygging av hovudflyplass på Gardermoen.

Det er fastsett forskrift om deponering, innsamling og gjenvinning av kasserte dekk.

Det er fastsett forskrift om sortering, oppbevaring og levering til gjenvinning av brunt papir.

Det er inngått avtale med næringslivet om innsamling og gjenvinning av drikkekartonar.

Forskrifta om spesialavfall er revidert slik at kommunane no har plikt til å ta imot spesialavfall frå visse hushald og verksemder.

Den refunderbare avgifta på smøreolje, som skal sikre ei forsvarleg slutthandsaming av spillolje, er innført.

For å møte det aukande behovet for kunningskap og informasjon er selskapet NORSAS utvida til å bli eit norsk kompetansesenter for avfall og gjenvinning.

Stortinget slutta seg i vår i hovudsak til framlegg frå Regjeringa i meldinga om norsk oljevern. Hovudvekta er lagd på førebyggjande tiltak. Det mest omfattande tiltaket er skipinga av eit indre kystoppsyn.

Regjeringa har avgjort at vraket av Blücher i Drøbakssundet skal tømmast for olje. Dei totale kostnadene ved tømmingen kan komme på inntil 74 mill kroner.

Aksjon vannmiljø er ført vidare i 1994 med gode resultat og god sysselsetjingseffekt i kommunane. I 1994 har områda Glåma, svenskegrensa – Lindesnes, miljøbyane og Trondheim vorte prioriterte.

Regjeringa har vedteke rikspolitiske retningslinjer etter plan- og bygningslova for verna vassdrag.

Etter at ny lov om lakse- og innlandsfisk tok til å gjelde i januar 1993 er det utarbeidd forskrifter som sikrar intensjonane i lova.

Arbeidet for å sikre småbarnsforeldre tryggleik og større valfridom i kvardagen har halde fram. Tidskonto-ordninga vart sett i verk 1. juli 1994.

FN har erklært 1994 som Det internasjonale familieåret. Markeringa i Noreg har skjedd i eit breitt samarbeid mellom Barne- og familidepartementet og 46 frivillige organisasjoner, politiske parti og andre.

Også i 1993 var barnehageutbygginga svært høg med i alt om lag 17 000 nye plassar.

Det er sett ned eit offentleg utval som skal gjennomgå likestillingsapparatet med siktet på å få til ei tidsmessig organisering.

Gjennom EU-utvekslingsprogrammet Youth for Europe har EØS-avtala gjeve norsk ungdom betre høve til å delta i internasjonalt samarbeid og til kontakt med ungdom frå andre land.

Den treårige programperioden for Nasjonalt utviklingsprogram for barnevernet vart avslutta i 1993. Programmet har ført til at barnevernenesteneste no er i stand til å gje barn og ungdom som treng det, rett hjelp til rett tid. Talet på barn og ungdom som er under tiltak frå barnevernet, har auka monaleg i programperioden. Ved utgangen av fjerde kvartal 1993 var det registrert vel 15 800 barn i hjelpetiltak, ein vekst på om lag 3 200 frå fjerde kvartal 1992. Likevel var talet på barn under omsorg

berre 5900, ein nedgang på nesten 800 frå fjerde kvartal i 1992.

Omstillings- og effektiviseringsarbeidet i kommunane og fylkeskommunane er intensivert. Arbeidet med å styrke kompetansen og kvaliteten i barnevernet held fram. Det er sett i gang eit landsdekkjande etter- og vidareutdanningstilbod for barnevernenestenesta. Vidare er det komme eit tverrfagleg etterutdannings-tilbod for personell som arbeider med sekuelle overgrep mot barn.

Sidan gjeldsordningslova tok til å gjelde 1. januar 1993 har mange personar fått hjelpe. Ved utgangen av mai i år låg det føre 845 registrerte gjeldsordningar. Lova har også ført til at rundt rekna 40 000 personar har fått løyst gjeldsproblema sine utan formell saksbehandling etter lova.

Lov om produktkontroll vart i mai 1993 utvida til å omfatte tryggleik ved forbrukartenester. Lova pålegg den som tilbyr tenester, å treffen tiltak slik at tenestene ikkje medfører helseeskade.

Ein etat for forbrukartryggleik er under etablering. Etaten skal føre tilsyn med at lov om kontroll av produkt og forbrukartenester og forskrifter som er gjevne i medhald av lova, blir følgde.

Lov om medisinsk bruk av bioteknologi er vedteken av Stortinget og sett i kraft frå september i år.

Stortinget har slutta seg til rammene for bygging av nytt Rikshospital medrekna bygging av sjukehotell.

Sosial- og helsedepartementet har i samarbeid med Kommunenes sentralforbund sett ned ei snøgtarbeidande arbeidsgruppe som m.a. skal vurdere status og kvalitet i eldremomsorga.

I dei somatiske sjukehusa er det dei siste ni månadene behandla fleire pasientar enn det er komme til nye. 94 % av garantipasientane får no behandling før det er gått seks månader. For eit år sidan var talet 93 %. Halvparten av pasientane fekk behandling før det var gått mellom 5 og 6 veker. Fordi det framleis er mange som må vente på sjukehusbehandling, vart det sett ned eit utval som skulle utarbeide framlegg til tiltak. Sosial- og helsedepartementet arbeider no med å følgje opp tilrådiniane frå utvalet.

Forslag til tiltak for å styrke sjukehusdrifta, betre ventetidsgarantien og modernisere sjukehusstrukturen er lagde fram i meldinga Samarbeid og styring – mål og verkemiddel for ei bedre helseteneste.

Helseinstitusjonar som er godkjende i medhald av sjukehuslova, skal ha kvalitetsutval. Statens helsetilsyn har i samråd med Sosial- og helsedepartementet utarbeidd retnings-

linjer for kva oppgåver, funksjonar og samansetning utvala skal ha.

Stortinget hadde føre ei melding om utfordringar i helsefremjande og førebyggjande arbeid i mai i år. Det er framheva fire nasjonale innsatsområde: førebygging av psykososiale problem, av belastningslidingar, av ulykker og av astma og allergi.

Det er vedteke ny lov om smittevern.

Det er pr. 30. juni 1994 meldt om 1 376 hiv-positive. Talet på aids-tilfelle var 392. Av dei er 308 døde.

Regjeringa har fremja endringar i tobakksskadelova som inneber 18 års grense for kjøp av tobakk, forbod mot sal av tobakksvarer frå automat, forbod mot indirekte tobakksrekklame og røykfritt miljø i kombinerte lokale.

Det er utarbeidd ein tverrdepartemental handlingsplan for førebygging av belastningslidingar.

Det er utarbeidd ei intern utgreiing frå Sosial- og helsedepartementet om dei sosiale velferdsordningane våre, der ein m.a. drøftar framtidige utfordringar og skisserer enkelte alternative opplegg.

Det er skipa ei ny heilskapleg låneordning i Husbanken til tiltak i eldreomsorga som erstattning for dei tidlegare låneordningane til aldersinstitusjonar og eldrebustader i Komunalbanken og Husbanken.

Det er løyvd i alt 425 mill kroner for 1994 til tiltak som særleg er retta mot dei eldste eldre til eit oppstartstilstskott ved oppretting av nye plassar i sjukeheimar eller omsorgsbustader eller ombygging frå fleirsengs rom til einerom ved aldersinstitusjonane og til styrking av omsorgstenesta og fagområdet geriatri i kommunane.

Eit førebels oversyn frå Husbanken viser at kommunane til no har planar om å byggje 3 000 nye omsorgsbustader, 1 700 nye sjukeheimspllassar og 540 nye einerom.

Reforma for menneske med psykisk utviklingshemming blir gjennomført i perioden 1991–95. Av om lag 5 000 personar som budde i HVPU-institusjonar då reforma vart sett i verk, har pr. 1. mai 1994 vel 4 000 fått eigen bustad. Arbeidet med utskrivning av dei som står att, og med å få eit tilbod til dei som ikkje var skrivne inn, og til dei mest ressurskrevjan de blir følgd opp.

Forsøksprogrammet med sentralar som er baserte på frivillig innsats, har ført til auka rekruttering av frivillige, fleire som gjer bruk av tenestene og større breidd i tiltaka ved sentralane. Ved utgangen av 1993 var det vel 7 700 brukarar og om lag 5 050 medarbeidarar ved sentralane.

Handlingsplanen for funksjonshemma 1994–1997 er ei vidareføring av arbeidet som

tok til i førre planperioden. Eit sentralt prosjekt har vore å få i stand ordninga med brukarstyrt personleg assistanse for funksjonshemma i 56 kommunar.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal gjere greie for kva dei verkemidla Noreg i dag gjer bruk av i alkoholpolitikken, har å seie og kva effekt dei har.

Et 3-årig utviklingsprogram for sosialkontortenesta vart avslutta i 1993. Arbeidet med å styrke den kommunale sosaltenesta held fram i eit nytt 3-årig program.

Frå 1. januar 1994 er det administrative og faglege ansvaret for tiltak under yrkesretta attføring overført frå trygdeetaten til arbeidsmarknadsetaten.

Frå same tid er ansvaret for hjelpmiddel-sentralane overført frå fylkeskommunane til trygdeetaten. Det er no skipa hjelpmiddel-sentralar i nesten alle fylka.

Dei seinare åra er det gjennomført ei rekke tiltak for å auke kapasiteten og effektiviteten i attføringsapparatet og redusere sjukefråveret og veksten i uførepensjonering. Tiltaka har gjeve resultat, og også det siste året har fråversutviklinga synt ein positiv tendens, og talet på uførepensjonistar går framleis ned. Den 3-årlige avtala som vart inngått mellom partane i arbeidslivet i 1990 om å redusere sjukefråveret er førebels forlengd ut 1994. I 1994 har styresmaktene sett i verk fleire tiltak for å støtte opp under arbeidet til partane.

Grunnbeløpet i folketrygda er frå mai auka med 780 kroner, frå 37 300 til 38 080 kroner. Auken byggjer på ei vurdering av inntektsutviklinga for pensjonistar samanlikna med dei yrkesaktive i år og i tidlegare år. Inntektene til pensjonistane vil, som ei følgje av pensjonsdrøftingane i 1993 og 1994, auke med 2,1 % frå 1993 til 1994. Alle grupper av pensjonistar vil få auka realinntekt frå 1993 til 1994.

Ektepar med minstepensjon har fått ei særskild oppjustering av særtilleggsatsane som gjev ein auke i den samla årlege pensjonen frå folketrygda på vel 4300 kroner.

Pensjonsreglane er endra slik at visse grupper sambuande pensjonistar får rett til dei same ytingane frå folketrygda som gifte.

Det er gjennomført tiltak for å sikre at trygdeytingane blir utbetalte på rett måte og med rett beløp. Tiltaka gjeld primært stønads-mottakarar som samtidig har arbeidsinntekt.

Det er gjennomført regelendringar med sikte på å effektivisere og forenkle innkrevinga av barnebidrag.

Den norske kyrkja har ei sterkt forankring i det norske folk. Klarast kjem dette til uttrykk gjennom den breie oppslutninga om dåp, konfirmasjon og kyrkjeleg gravferd. Folkekirkja har framleis mykje å seie i dei enkelte lokal-

samfunn både sosialt, diakonalt og kulturelt. Dei seinaste åra er personalsituasjonen i kyrkja monaleg betra ved at det er oppretta nye prest-, kateket- og soknediakonstillingar.

Stortinget har vedteke 10-årig gunnsskole og skolestart ved 6 år. Den revisjonen av læreplanen for grunnskolen som går for seg, utbygging av skolefritidsordningar og skoletilbod til 6-åringar etter lov om barnehagar, er alle tiltak for å gjennomføre reforma.

Om lag 30 % av alle barn i 1. – 3. klasse har no skolefritidsplass og 32 % av 6-åringane har tilbod i skolelokala etter lov om barnehagar.

Stortinget har vedteke lovfesta rett til vidaregåande opplæring i skole og/eller arbeidsliv for alle mellom 16 og 19 år som går ut av grunnskolen. Det er innført plikt for fylkeskommunane til å opprette oppfølgingsteneste for dei i aldersgruppa som ikkje følgjer dei ordinære skoleopplegga. Det har i 1994 pågått eit omfattande arbeid for å legge til rette regelverk og utarbeide fagplanar.

95 % av 16-åringane har fått oppfylt ønsket sitt om førstevål ved inntaket til grunnkursa i haust.

Vaksenopplæringa har samla sett hatt noko tilbakegang. Samtidig blir det teke ei rekke initiativ til nye tiltak, særleg retta mot kompetansegevande opplæring. I studieforbunda har det skjedd ei dreining mot timer med lærarar.

Det er utarbeidd eigne eksamsoppgåver for vaksne på grunnskoleområdet i norsk, engelsk og matematikk. Oppgåvene byggjer på gjeldande læreplanar for vaksne.

Det er utarbeidd rettleiande bransjenormer for kvalitet på fjernundervisninga. 17 institusjonar er godkjende med rett til statstilkott.

Undervisningstimetalet i norsk med samfunnskunnskap er auka. Personar med mellombels opphold får undervisning på linje med flyktningar og personar med opphold på humanitært grunnlag.

Det blir arbeidd med samordna og sammenliknbare data innanfor dei ulike områda i vaksenopplæringa.

Hausten 1994 er det oppretta 6 063 nye studieplassar. Opptaket til grunnutdanninga i 1994 var på 36 000.

Sidan 1994 har studenttalet auka med om lag 65 %. Det totale talet på studieplassar kjem i haust opp i om lag 165 000. Det er særleg helse- og sosialfag, førskolelærarutdanninga og studieplassar til hovudfag som har fått større kapasitet.

Dei tidlegare 98 regionale høgskolane er frå 1. august 1994 slått saman til 26 nye høgskolar.

Arbeidet med å etablere og utvikle Noregsnettet held fram.

Det er gjort framlegg til fagprofil ved dei nye høgskolane.

Oppbygginga av universitetsstudiar på Svalbard held fram. I samband med det har Svalbard Samfunnsdrift A/S arbeidd med oppføring av undervisningsbygg og med å dekkje bustadbehovet for tilsette og elevar.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet arbeider framleis med ein metode for meir resultatavhengig fordeling av ressursar til institusjonane, med eit betre opptakssystem for optimal utnytting av studieplassane, med evaluering av ulike typar utdanning og forsøk med treterminordning.

Regjeringa har komme med framlegg til lov om høgare utdanning.

Dei offentlege løyvingane til forsking har i gjennomsnitt auka med 5 % i programperioden 1990–93, og dei var stabile i perioden 1993–94. Forskningsdelen av BNP gjekk ned frå 1,9 % i 1993 til 1,8 %, i hovudsak på grunn av at næringslivet satsa mindre på forsking.

Universiteta og høgskolane har utvikla eit eige opplegg for organisering av forskarutdanninga, og det blir arbeidd med å opprette eit nasjonalt doktorgradsregister. Noregs forskingsråd har arbeidd med å få i stand ei betre samordning av forskingsinstitutta innanfor utanrikspolitikk og sosialvitenskap.

Gjennom EØS-avtala deltek Noreg fullt ut i EU-rammeprogrammet for forsking. Det er lagt stor vekt på å informere norske verksemder og forskingsmiljø om FoU-aktivitetane i EU. Prosjekt med norske deltakarar har gjennomgåande fått godt gjennomslag, og Noreg har hittil teke del i 215 vanlege prosjekt og 66 nettverksprosjekt.

Den norske deltagninga i EU-programma for høgare utdanning auka i 1994. Etter EØS-avtala er Noreg også med i informasjonssystemet for utdanning innanfor EU, og i utvekslingsprogrammet for skoleleiarar og det europeiske senteret for utvikling av yrkesopplæring.

Den omfattande satsinga på norsk kunst og kultur før og under Dei 17. olympiske vinterleikane på Lillehammer har gjort kvaliteten og breidda synleg på ein eineståande måte.

Den auka satsinga på kultur innanfor det nordiske samarbeidet har gjeve konkrete resultat i 1994. Regjeringa har også styrkt den nordiske innsatsen i forlenginga av den nasjonale kulturpolitikken.

Av midlar til ekstraordinær sysselsetjing har det vore øyremerk 150 mill kroner både i 1993 og 1994 til tiltak på kulturområdet. I alt er det utført om lag 1 000 årsverk kvart av åra.

Arbeidet med å følgje opp meldinga om norsk kulturpolitikk er godt i gang. Det er gjennomført drøftingar med alle fylkeskom-

munane og mange verkskommunar om avtala om ei ny finansiell funksjonsdeling for i alt 53 institusjonar.

Ein nasjonal plan for formidling av bilet-kunst og kunsthandverk er under arbeid.

Skipinga av eit nasjonalt museum for fotografi har starta opp i Horten i haust.

For å følgje opp Dansens År har Den Norske Opera i 1994 gjennomført ein turné i Nord-Noreg med Den Norske Nasjonalballetten. Nord-Norge danser var den største einskild-satsinga som er gjord på dans i Noreg. 100 medverkande frå Operaen samarbeidde med lokale krefter ved 30 framsyningar og 85 eks-traaktivitetar. Oppfølginga av Dansens År har vidare resultert i at Senter for Dansekunst har vorte skipa.

Ei interdepartemental arbeidsgruppe koordinerer innsatsen for å betre den estetiske utforminga av omgjevnadene våre. Våren 1994 vart det gjennomført ei nasjonal formgjevingskonkurranse i samband med nybygget R-5 i Regjeringskvartalet. Ei ordning med tilskott til arkitekturfagleg hjelp til lokale og regionale kulturbrygg er sett i verk.

Regjeringa satsar på kulturformidling til barn og unge. I arbeidet med å utvikle gode drabantbymiljø er kultur eit strategisk verke-middel. Eit omfattande pilotprosjekt for å utvikle metodar for arbeidet er sett i verk.

Forsøksordninga med musikkverksteder for jazz, rock og folkemusikk er evaluert, og ei fast ordning er sett i verk. Det gjeld også ei prosjektsstønadsordning for kulturarbeid i barne- og ungdomsorganisasjonar.

Det er sett i gang ei innteks- og yrkesaktivitetsundersøking blant kunstnarar.

Undersøkingar som gjeld utviklinga av budsjett og endringar i den politiske og administrative organiseringa på kultursektoren i fylkeskommunane og kommunane, er gjennomførte. Ei utgreiing om det statlege verke-middelapparatet for Noregs kultursamarbeid med utlandet er sett i gang.

Den generelle sikringsplanen for norske museum er evaluert og revidert. Den reviderte planen vil bli lagd til grunn for det vidare arbeidet. Tryggleiken ved Nasjonalgalleriet er vurdert særskilt. 2,7 mill kroner er i 1994 for-delte til sikringstiltak ved musea.

Regjeringa har engasjert seg i ei rekke saker som gjeld ytringsfridom. Det er gjeve tilskott til ein internasjonal konferanse som Den norske Forfatterforening står for. Det er også stilt stipendmidlar til disposisjon for forfattarar som av politiske eller andre grunnar ikkje får gjeve ut bøkene sine i heimlandet.

Ei melding om mediepolitikk er lagd fram. Under handsaminga av meldinga viste det seg

å vere behov for ei nærmare utgreiing om nærkringkasting i Noreg.

Regjeringa har sett i verk eit arbeid med siktet på ein handlingsplan mot bruk av valds-innslag i biletmedia. Det er sett ned eit breitt samansett utval som skal vurdere eigartilhøva i mediesektoren. Utvalet skal mellom anna vurdere om det bør innførast reglar om eigarskap.

I 1994 var den delen av overskottet i Norsk Tipping AS som gjekk til idrettsformål, 550 mill kroner. Av dette går 326 mill kroner til idrettsanlegg, 205,5 mill kroner til Norges Idrettsforbund og 18,5 mill kroner til andre idrettsformål.

Dei 17. olympiske vinterleikane vart gjennomførte på Lillehammer 12. – 28. februar i år. Leikane vart ein suksess både idrettsleg og som arrangement, og dei har gjort mykje for å gjere Noreg, norsk kultur, natur og levemåte kjent og verdsett også internasjonalt. Effekten av Lillehammer-leikane har hatt, og vil kunne få, mykje å seie for norske interesser innanfor internasjonalt arbeid, langt ut over det rein idrettslege.

Ut over det ordinære tilskottet til Norges Idrettsforbund gav Regjeringa midlar til førebuingane til dei aktive gjennom fellespro-grammet som idrettsorganisasjonane gjennomførte før leikane.

Regjeringa har sett i verk tiltak i dei fire største byane for å betre idrettstilbodet til uorganisert ungdom. På same måten er idrettsaktivitet og idrettsopplæring trekt inn som verkemidel for å møte det behovet som dei arbeidsledige har for samvær og utfaldning.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de opplest dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet! Det 139. Storting som Deres Majestet i dag har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid hvor spørsmålet om Norges forhold til Den europeiske union og folkeavstemningen vil legge betydelig beslag på representantenes interesse og arbeidskraft. Stortingets arbeids-program i høst vil i stor grad bære preg av dette. Budsjettarbeidet vil, bl.a., bli sterkt intensivert og komprimert, slik at represen-tantene i de siste ukene før folkeavstemningen skal få mulighet til å konsentrere seg om EU-spørsmålet på heltid.

Selv om forholdet til EU nå vil dominere, bærer trontalen bud om at vi også står foran en rekke andre store oppgaver som må gis høy prioritet. Helsetjeneste, miljøvern og hele vår velferdspolitikk vil komme til å stå sentralt i vårt arbeid kommende år. Og som i tidligere år, vil innsatsen for å sette ledige hender i

arbeid, være hovedoppgaven. Kampen mot vold og kriminalitet byr også på store utfordringer, noe de siste dagenes begivenheter til fulle har vist. Disse viktige spørsmålene vil kreve grundige vurderinger og avveininger, og stille store krav til representantenes evne og vilje til samarbeid og kompromiss.

Selv om oppfatninger og standpunkter er forskjellige, er det utvilsomt slik at samtlige representanters mål er å finne fram til de løsninger som best vil bygge og trygge landets framtid. Samtidig er jeg sikker på at vi fortsatt vil søke å gi vårt bidrag til beste for mennesker i de deler av verden hvor sult, nød, undertrykkelse og ufred råder grunnen.

Stortingets gjerning er ansvarsfull, og folkets representanter deler alle det håp at denne gjerning må bli til gagn for folk og land.

I forvissning om at Stortingen og hver enkelt representant vil gjøre sitt ytterste for å

løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske, og alle de tilstedevarende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte – og anser det for bifalt.

Møtet hevet kl. 13.45.
